

sen

Hjelper Ida å hjelpe

Stadig fleire samlar inn pengar for å hjelpe Ida Jaarvik Hetland å hjelpe andre. Om ei veke reiser ho nok ein gong til Guatemala.

JORUNN E. STEINSLAND | Tekst og foto
jes@jbl.no

– Eg er så takknemleg. Ida Jaarvik Hetland smiler. Før jul i fjor starta 23-åringen frå Bryne ein innsamlingsaksjon for å hjelpe barneheimsbarn i Guatemala. Etter å ha fortalt om saka i Jærbladet, løstna det verkeleg og Ida kunne reisa til Guatemala med heile 64.000 hjelpekroner.

Med slike summar, ønskte Ida å få innsamlinga inn i meir ordna former og oppretta i mars 2010 «Idas hjelpefond».

Små hjelparar

Sidan då har kronene trilla inn på kontoen. Både store og små støttar Idas hjelpefond og mange gjer ein innsats for å samla inn. Det har Elin Hebnes Varhaug og Solveig Håland Årdal gjort. Niåringane frå Varhaug har selt smykke på dørene og samla inn pengar i familiane sine. Jentene brukte heile torsdagen i haustferien og fekk til saman inn 1200 kroner. Pengar dei ønsker Idas hjelpefond skal få.

– Me vil at Ida skal bruka pengane på ungene der som treng så mykje, seier jentene.

Ved sida av i sofaen sit Ida Jaarvik Hetland og smiler.

– Dette er heilt supert. Eg syns det er så koseleg at ungar vil hjelpe andre ungar, seier ho, og kan fortelja at dei 1200 kronene frå Elin og Solveig er eit av dei største pengebeløpa ho har fått.

Eit sjettedels hus

– Gjennomsnittet er rundt 250 kroner. Mange små drypp blir mykje til slutt, og i Guatemala rekkar pengane langt, seier Ida, og ramsar opp kva som står på handlelista. Ho skal blant anna kjøpa leiker, klede, medisin og myggnetting. Alt blir kjøpt i Guatemala. I tillegg skal ho og reisefølgjet vera med på å byggja eit hus til ein familie som har mista alt i ei av dei mange naturkatastrofane som har ramma landet.

– Eit hus kostar rundt 6000 kroner, så for 1200 kroner får eg meir enn eit sjettedels hus, seier Ida.

Jentene i sofaen let seg overraska. Tenk at pengane deira kan rekka til fleire husveggar. Eigentleg hadde dei to tenkt å samla inn pengar til Redd Barna, men valde Idas hjelpefond i plassen.

– Mamma har fortalt oss om Ida og vist oss bilete på internett, fortel Elin.

Jentene ser fram til å sjå kva pengane deira blir brukte til, og har og gitt Ida resten av smykkene, slik at ho kan gi dei til nokon av barna.

– Nå trur eg det er mange av jentene som blir glade, takkar Ida og lover å leggja ut bilete på Facebook.



SMYKKESAL: Elin Hebnes Varhaug (t.h) og Solveig Håland gir ein pose med smykke til Ida Jaarvik Hetland. Resten av smykkene har jentene selt og gitt pengane til Idas hjelpefond.

FAKTA

IDAS HJELPEFOND

- Drive av Ida Hetland Jaarvik (23) frå Bryne.
- Starta etter at Ida hadde sett hjelpebehovet i Guatemala.
- Hjelper i hovudsak barn.
- Heimeside: <http://www.idashjelpefond.no>
- Blogg: <http://www.idajaarvikhetland.blogspot.com>

å samla inn pengar til Ida Jaarvik Hetland sitt prosjekt.

Bakgrunnen for oppfordringa er at skulen skal markera FN-dagen, og har i samband med det invitert Ida til skulen for å fortelja litt om Guatemala. Saman med oppfordringa stod det litt om Idas hjelpefond. All støtte frå elevane blir overlevert til Ida personleg torsdag 21. oktober.

Skritt for skritt

Ida Jaarvik Hetland er ein travelt person. I tillegg til å vera i avslutninga av ein mastergrad i økonomi, arbeider ho med unge rusmisbrukarar i Stavanger og er aktiv i Amnesty. I januar set ho kursen mot New York og mastergrad nummer to. Denne gongen i internasjonal utvikling. Det store draumen er å gjera hjelpearbeidet til ein jobb. Å få lov å reisa og fortelja om prosjekta sine, byggja sjukehus og skular.

– Eg har begynt i det små og tek det skritt for skritt, men eg ser eit enormt potensiale, seier Ida.

Men sjølv om Idas hjelpefond vil veksa seg større, vil ho halda seg til Guatemala.

– Ein kan ikkje vera over alt. Nå har eg begynt å læra både land og folk å kjenna. I fyrste omgang blir det iallfall bare i Guatemala, men eg håper å nå over fleire enn eg har gjort til nå, seier ho.

Om ei veke set Ida og eit lite reisefølgje frå Jæren seg på flyet. Endestopp er Guatemala. Når dei reiser heim igjen skal alle pengane frå store og små på Jæren vera omgjort til medisin, husveggar, klede og mat.

– Hundre prosent av pengane blir brukte til hjelpearbeid. Det kan eg garantera, lover Ida, som finansierer alle turane til Guatemala sjølv.



mor Claudia Osorio.



VESLEMØY: Rita Heigre sette pris på å bli inviterte heim til bibliotekopning, og heidra biblioteket med å syngja frå Haugtussa.

åra, seier Lund og innrømmer at det kriblar litt ekstra i magen. Det er nemleg ikkje slutt med den offisielle opninga. Heile veka skal biblioteket fyllest med foredrag og aktivitetar.

– Og dette er bare starten, slår Lund fast.

Skulestøtte

Varhaug-jentene er ikkje åleine om å støtta Idas hjelpefond. Den siste tida har det blitt selt mange bollar til inntekt for Idas hjelpefond, særleg etter at Bryne skule gjekk ut og oppfordra elevane til

Nordic Crane Stangeland er et selskap i Nordic Crane Group som er Skandinavias største mobilkranoperatør. Selskapet har 30 års erfaring i kran- og transport-bransjen knyttet til petroleum, industri, vindkraft, bygg og anlegg. Nordic Crane Stangeland har i dag 170 ansatte og omsatte i 2009 for NOK 375 millioner.

Nordic Crane Stangeland søker

Kranbilsjåfør

Om stillingen:

- Løfte- og transportoppdrag, primært i Stavanger/Rogaland.
- Ansvar for ettersyn og orden/ryddighet for tildelt arbeidsutstyr.
- Vi forventer god holdning og utpreget serviceinnstilling.
- Bedriften har gode lønns- og forsikringsordninger.

Kvalifikasjoner:

- Sertifikat kl. CE
- Lastebilkrans G8
- Ordensperson
- Gode samarbeidsevner
- Løsningsorientert

Hvis du har spørsmål vedr. stillingen kan du kontakte Olaus Helleland på telefon 951 96 964.

Søknad sendes på e-post til olaus.helleland@nordiccrane.com snarest og innen 26.10.2010.

Nordic Crane Group AS - Skandinavias ledende mobilkranoperatør.

Nordic Crane Group er ledende innenfor utleie av mobilkraner i det skandinaviske markedet, men tilbyr også tjenester innenfor transport og spesialtransport samt totalentrepriser.

Vi har 400 dyktige medarbeidere og 300 kraner og lastebiler lokalisert på rundt 30 steder langs kysten fra Hammerfest nord i Norge til Malmö sør i Sverige.

Fleksibilitet og evnen til å tilby totalprosjekter er vår styrke.

nordicCrane
www.nordiccrane.no